

Til offentlege myndigheiter,
naboar og aktuelle parter

Molde, 23.06.2026
Vår ref. 653014-01

Varsel om oppstart av planarbeid, Detaljregulering Trafikktryggingstiltak ved Sæbø skule

Varsel om oppstart av planarbeid kunngjerast etter plan- og bygningslova §12-8. Planen utarbeidast som detaljregulering. Ørsta kommune er forslagsstillar, og Asplan Viak er plankonsulent for planforslaget. Det blei gjennomført oppstartsmøte med planmynde i Ørsta kommune den 17.06.26. PlanID er 1520_2026001.

Du mottar dette brevet fordi du er grunneigar, nabo, offentlig høyringsinstans eller på anna måte blir rørt av planforslaget. Du har no moglegheit til å uttale deg til planarbeidet, sjå informasjon lenger ned.

Formålet med planen er å legge til rette for tiltak for trygg skuleveg til Sæbø skule og barnehage. Det skal sikrast areal til etablering av sikker tilkomst for mjuke trafikantar, og ei oversiktleg trafikkavvikling for alle trafikantgrupper.

Planområdet og viktige tema i planarbeidet

Planområdet ligg på Sæbø, ved Sæbø skule og barnehage, ca. 25 km sør-aust for Ørsta sentrum.

Det er vurdert fleire alternativ til tiltak for å betre trafikksituasjonen, sjå vedlagt planinitiativ og trafikktryggingsnotat. Det er ikkje valt løysing på dette tidspunktet. Det blir derfor varsla ei romsleg plangrense ved oppstart, slik at planområdet omfattar tilstrekkelege areal til å kunne regulere og gjennomføre det valde tiltaket i det vidare planarbeidet. Det er derfor venta at plangrensa vil verte vesentleg redusert til eit planforslag ligg føre.

Det skal i hovudsak regulerast samferdselsanlegg, men det kan bli behov for å ta med andre formål eller gjere oppdateringar på tilgrensande areal til samferdselsanlegga for å tilpasse mot gjeldande reguleringsplanar.



Figur 1 Planområde til varsel om oppstart

Sjå planinitiativ og trafikktryggingsnotat som er lagt ved for skildring av situasjon og alternativa som er vurdert hittil. I samband med varsel om oppstart er det spesielt ønska innspel knytt til hovudproblemstillingane i planen:

- Val av stoppestad for bussen
- Plassering av gangfelt over Øyragata
- Plassering og utstrekning av fortau

Informasjon om korleis ein sender inn innspel står nedst i brevet.

Forhold til overordna plan og gjeldande planer

Gjeldande kommuneplan blei vedteken i 1991, kor Sæbø er sett av til byggjeområde med godkjente reguleringsplanar som sett føringar for arealbruken.

Behov for konsekvensutgreiing

Planarbeidet er avgrensa i omfang og vurdert å ikkje komme inn under krav om konsekvensutgreiing, jfr. Plan- og bygningslova §4-2, sjå vedlagt referat frå oppstartsmøte.

Hensikt med varselet og medverknad

Hensikta med å varsle at eit planarbeid settast i gang er å avdekke om planen kan kome i konflikt med viktige omsyn i området. Naboar og aktuelle partar gis moglegheit til å kome med innspel til planprosessen på eit tidleg tidspunkt. Ein vil då lettare kunne ta omsyn til innspela, enten det gjeld kva som skal utgreiast, viktige interesser som må takast hand om, eller avbøtande tiltak som bør vurderast. Etter at plandokumenta er utarbeida og politisk handsama i kommunen, vil planforslaget sendast ut på høyring med nytt høve til å gje innspel. Etter høyringsperioden vil planforslaget reviderast før det kan bli vedtatt av kommunestyret.

Kontaktinfo og frist for innspel

Innspel til varsel om oppstart av detaljregulering sendast innan 11.08.2026 til Asplan Viak v/ Irene D. Rokstad, på e-post irene.rokstad@asplanviak.no eller i brev til Asplan Viak AS, Storgata 42, 6413 Molde. Ettersom oppstartsmeldinga er sendt ut digitalt kan ein også gje tilbakemelding til planvarselet gjennom Altinn. Det oppfordrast til å ta kontakt dersom ein har spørsmål eller ønskjer meir informasjon. Kontakt underteikna eller prosjektleiar Matias Kårstad i Ørsta kommune på tlf. 975 60 937 eller på e-post matias.karstad@orsta.kommune.no.

Dokument knytt til varslinga finst på heimesidene til Ørsta kommune, sjå <https://www.orsta.kommune.no/hoyringar-og-kunngjeringar>, og Asplan Viak sine nettsider, sjå www.asplanviak.no/kunngjoringer.

Med venleg helsing

Asplan Viak AS

Irene Dyrnes Rokstad

Arealplanlegger

Telefon +4793201357

E-post irene.rokstad@asplanviak.no